

Reglar for bruk av drop-in-kontorplassar

1. Ryddig arbeidsplass

- Gå frå plassen slik du vil bli møtt av den, klar til neste brukar.
- Tørk av bordet om det trengst.

2. Omsyn til andre

- Bruk hovudtelefonar ved digitale møte på kontorplassen.
- Hald eit lågt støynivå.

3. Fellesområde

- Du kan bruke felleskjøkkenet. Vi har ein boks med kaffi og ei kaffikanne merka «ØyStart». Du kan bruke felles kaffitraktar.
- Rydd etter deg på felleskjøkkenet.

4. Bruk av utstyr

- Skjermar, tastatur, mus, kablar og anna fellesutstyr skal behandlast varsamt.
- Ikkje gjer endringar på utstyret.

5. Ansvar

- Gründerparken er ikkje ansvarleg for ting som blir forlate utan tilsyn. Du er sjølv ansvarleg for eigne eigendelar.
- Ikkje la sensitive dokument ligge opne.

6. Tidsbruk

- Brukstida er avgrensa til bygget sine opningstider, mellom kl 0700 og 1600 på kvardagar (måndag til fredag). Lukk og lås døra når du går.

7. Ved skade eller feil

- Dersom du er uheldig og øydelegg noko, meld frå straks til Vest Næringsråd.
- Ikkje forsøk å reparere utstyr sjølv.

8. Sikkerheit

- Viss brannalarmen går, skal du forlate plassen og mønstre på parkeringsplassen utanfor hovudinngangen.